



Adresse: 6693 Mjosundet,  
NORGE

Telefon : 71 64 77 00

Telefax : 71 64 77 01

E-post : kjetil@mbh.no

Web : www.mbh.no

Bankgiro: 7441.05.15834

Org.nr. : NO 987 050 454 MVA

Dato: 04.05.2026

## **MBH Redegjørelse i forhold til Åpenhetsloven 2026.**

MBH Hydraulikk AS er eit firma som i hovudsak driv med konstruksjon, produksjon og salg av maritimt dekkmaskineri, løfteutstyr og sidepropellar.

Omsetning og balanse gjer at bedrifta fell inn under Åpenhetslova etter §3 Definisjoner.

Bedrifta er med dette pliktig til å gjennomføre Aktsomhetsvurderinger etter §4 i lova, og å etter §5 redegjøre for dette.

Åpenhetslovas §4 og §5 gjengitt her:

### **§ 4. Plikt til å utføre aktsomhetsvurderinger**

Virksomhetene skal utføre aktsomhetsvurderinger i tråd med OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper.

Med aktsomhetsvurderinger menes å:

- a. forankre ansvarlighet i virksomhetens retningslinjer
- b. kartlegge og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunn-leggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold som virksomheten enten har forårsaket eller bidratt til, eller som er direkte knyttet til virksomhetens forretningsvirksomhet, produkter eller tjenester gjennomleverandørkjeder eller forretningspartnere
- c. iverksette egnede tiltak for å stanse, forebygge eller begrense negative konsekvenser basert på virksomhetens prioriteringer og vurderinger etter bokstav b
- d. følge med på gjennomføring og resultater av tiltak etter bokstav c
- e. kommunisere med berørte interessenter og rettighetshavere om hvordan negative konsekvenser er håndtert etter bokstav c og d
- f. sørge for eller samarbeide om gjenoppretting og erstatning der dette er påkrevd.

Aktsomhetsvurderingene skal utføres regelmessig og stå i forhold til virksomhetens størrelse, virksomhetens art, konteksten virksomheten finner sted innenfor, og alvorlighetsgraden av og sannsynligheten for negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.

*Departementet kan gi forskrift om plikten til å utføre aktsomhetsvurderinger*

### **§ 5. Plikt til å redegjøre for aktsomhetsvurderinger**

Virksomhetene skal offentliggjøre en redegjørelse for aktsomhetsvurderingene etter § 4. Redegjørelsen skal minst inneholde

- a. en generell beskrivelse av virksomhetens organisering, driftsområde, retnings-linjer og rutiner for å håndtere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold
- b. opplysninger om faktiske negative konsekvenser og vesentlig risiko for negative konsekvenser som virksomheten har avdekket gjennom sine aktsomhetsvurderinger
- c. opplysninger om tiltak som virksomheten har iverksatt eller planlegger å iverksette for å stanse faktiske negative konsekvenser eller begrense vesentlig risiko for negative konsekvenser, og resultatet eller forventede resultater av disse tiltakene.

§ 6 annet ledd bokstav c og d, tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende for pliktene etter første ledd.

Redegjørelsen skal gjøres lett tilgjengelig på virksomhetens nettsider, og kan inngå i redegjørelsen om samfunnsansvar etter regnskapsloven § 3-3 c. Virksomhetene skal i årsberetningen opplyse om hvor redegjørelsen er tilgjengelig.

*Departementet kan gi forskrift om plikten til å redegjøre for aktsomhetsvurderinger*

-----

Ved at verksemda skal utføre aktsomhetsvurderingane i tråd med OECDs retningslinjer for flernasjonale selskap er det naturleg å gjengi hovudpunkta i veiledaren til denne her.

Henta frå OECDs veileder for aktsomhetsvurderinger for ansvarlig næringsliv:

1. Forankre ansvarlighet i bedriftens retningslinjer og styringssystem
2. Kartlegg og vurder faktisk og potensiell negativ påvirkning knyttet til bedriftens virksomhet, produkt eller tjenester
3. Stans, forebygg eller reduser negativ påvirkning
4. Overvåk gjennomføring og resultater
5. Kommuniser hvordan påvirkningen er håndtert
6. Sørg for, eller samarbeid om, gjenoppretting og klageordninger der det er påkrevd

## **1 Forankre ansvarlighet i bedriftens retningslinjer og styringssystem**

Styret i MBH har gjort seg kjent med Åpenhetslova, OECD sine retningslinjer for flernasjonale selskap og OECDs veileder for aktsomhetsvurderinger.

Det er vedteke i MBH styret at administrasjonen i selskapet skal utarbeide aktsomhetsvurderingar i tråd med dette.

Vidare har administrasjonen utarbeidd dokumenta; MBH Code of Conduct, og MBH Suppliers Code of conduct som styret har gjort seg kjent med og godkjent i same styrevedtak.

## **2 Kartlegg og vurder faktisk og potensiell negativ påvirkning knyttet til bedriftens virksomhet, produkt eller tjenester**

All produksjon i MBH blir med få unntak gjort i bedrifta sine lokaler i Norge, eller av norske underleverandørar i Norge. All materiale blir kjøpt av norske underleverandørar.

Alle som er i første ledd i vår produksjon / verdikjede vurderer vi ut frå dette å vere underlagt norske lover som ivaretek alle hensyn i OECD sine retningslinjer i forhold til rettar og arbeidsforhold/arbeidsmiljø. Herunder også HMS arbeide som sikrar både interne og eksterne arbeidrar i Norge.

I forhold til norske arbeidsforhold er vår vurdering vidare at dette er godt overvåka av Arbeidstilsynet som har tilsynet ihht Norsk lovgiving og arbeidarene sin organisasjonar, slik at her vurderer vi det slik at det ikkje er faktisk eller potensiell negativ påvirkning vi med våre ressursar kan avdekke ut over det Arbeidstilsynet er satt til å fange opp.

For i det vidare arbeide få oversikt, og å kunne gjere ei konkret aktsomhetsvurdering på leverandørane våre, har vi lista alle våre underleverandørar med over kr 100.000,- i årlige innkjøp i ei MBH Leverandørliste. Vi ser at desse leverandørane utgjer ca 92% av alle MBH sine innkjøp i 2022, og vi vurderer det da slik at vi har fått med oss det aller meste av våre leverandørar, og med det potensielle påvirkning frå vår produksjon utanfor eigne lokale.

Ved ei analyse av type produkt til desse leverandørane, sjekk i heimesidene mv, ser vi at det for veldig mange av dei er slik at produkta er produsert internasjonalt, der det for oss er uråd å seie i kva land produksjonen foregår i.

For denne produksjon gjeld ikkje norsk arbeids-lovgiving og norsk arbeidstilsyn, slik at her vil det vere potensiell risiko for negativ påvirkning i denne delen av produksjonen.

Tanken var at vi etter retningslinjene skulle kunne avdekkje meir om kva land det blir produsert i for kvar enkelt leverandør, og dermed skulle kunne gjere ei vurdering på kva risiko vi tenkjer det kan vere for negativ påvirkning i denne produksjonen ut frå kva land det er produsert i. Men ved at vi ser at det for ein veldig stor andel av leverandørane ikkje er råd å konkludere med anna enn at det er produsert internasjonalt, blir konklusjonen i vår vurdering at vi sender OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap til alle vi ser har slik internasjonal produksjon, og ber dei gjere greie for kva dei gjer og har av system som ivaretek at desse retningslinjene blir fulgt.

Både kva firma dette gjeld, utsending og tilsvar, blir registrert i leverandøroversikta.

I lag med dette dokumentet vil vi også sende vedlagte MBH Suppliers Code of conduct, med krav om at dei skal forplikte seg til og signere denne, og med dette også forplikte seg til OECD sine retningslinjer.

Vi registrerer (dokumenterer) utsending og mottak av signert MBH Supplier Code of Conduct i MBH Leverandørliste.

### **3 Stans, forebygg eller reduser negativ påvirkning**

Ved mistanke om at vi har underleverandører som ikkje kan dokumentere at produksjonen deira skjer i samsvar med OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap, vil vi sikte på å skifte til underleverandør med produksjon der dette er ivareteke.

I dei tilfelle vi ikkje har slike alternativ vil vi gi uttrykk for vår bekymring i forhold til dette, og be dei rette det. Realistisk vil det kunne dukke opp tilfelle der vi ikkje kan skifte, og ikkje kan påvirke, men da har vi i alle fall gjennom aktsomhetsvurderinga avdekt forholdet, og vil arbeide vidare for å enten påvirke eller skifte leverandør.

### **4 Overvåking, gjennomføring og resultater**

Som over vil vi med funna i leverandørlista ikkje kunne gjere meir enn å registrere det, sende vår bekymring og evt skifte leverandør. Det er etter vår vurdering så langt vi kan gå også i det å overvåke gjennomføring. Resultat som vil kunne vere skifte av leverandør vil bli registrert i leverandørlista. Tilsvarande om resultatet er at leverandøren vår får rette på forholda. Resultat ut over det som i det å direkte skulle kunne påvirke arbeidsforholda for arbeiderane i Kina eller tilsvarande land, har vi ikkje realistiske forventingar om å få til.

### **5 Kommuniser hvordan påvirkningen er håndtert**

Påvirkninga og evt resultat vil bli kommunisert gjennom dette dokumentet og nødvendige deler av MBH Leverandørliste ved grunngjeve forespørsel. MBH Leverandørliste vil ikkje blir lagt ut offentlig da vi reknar den å vere bedriftsinternt dokument vi ikkje vil dele ut fritt til konkurrentar mv.

### **6 Sørg for, eller samarbeid om, gjenoppretting og klageordninger der det er påkrevd**

Vi kan ikkje vurdere det slik at vi i vårt firma kan bidra til gjenoppretting eller klageordningar for negative påvirkningar i forhold til dei funna vi har gjort i vår aktsomhetsvurdering (i leverandørlista).